

Lokal forskrift om feie- og tilsynsgebyr, Kinn kommune, Sogn og Fjordane

Heimel: Fastsett av Kinn kommunestyre dd. mmmm 2019 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28, samt forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17.

§ 1. Føremålet med forskrifta

Formålet med forskrifta er å gje kommunen grunnlag for å dekkja sine utgifter i samband med gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i medhald av brann- og eksplosjonsvernloven § 11 første ledd bokstav h. Tenesta skal prises i tråd med sjølvkostprinsippet.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle byggverk med fyringsanlegg, som gjennomførast av eller i regi av Kinn kommune, i samsvar med forskrift om brannforebygging.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- a) Eigedom: Fast eigedom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- b) Eigar: den som har grunnboksheimelen til byggverk som omfattast av feie- og tilsynsordninga.
- c) Byggverk: Bygningar, konstruksjonar og anlegg.
- d) Fritidsbustad: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstypar:
 - 161 Hytter, sommarhus o.l.
 - 162 Heilårsbustad som nyttas som fritidsbygning
 - 163 Våningshus som nyttas som fritidsbygning
- e) Fyringsanlegg: Omfattar eldstad, sentralvarmekjele eller tilsvarande der varme produserast ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.
- f) Røykkanal: Røykkanal omfattar hele kanalen for røykgass frå fyringseininga til utslepp i atmosfæren, og omfattar røykrør frå eldstad til skorstein. Skorstein er den vertikale delen av røykkanalen, og kan innehalde fleire vertikale røykkanalar.
- g) Skorstein: Ein kanal av murverk, betong eller stål til å føre bort røykgass frå fyringsanlegg og tilføre luft for å vedlikehalde forbrenning.

§ 4. Gebyr

Gebyret skal dekkje kommunens utgifter ved levering av feie- og tilsynstenesta.

Det skal krevst gebyr frå eigar av byggverk med eit eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje.

Gebyret skal være årleg og gebyrsatsane blir fastsett kvart år av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet. Gebyrplikten er ikkje knytt opp mot tidspunktet for feiing eller tilsyn.

Gebyret per eigedom blir fastsett etter tal på pipeløp tilknytt eigedomen.

For eigedomar med gassfyrte fyringsanlegg bereknast gebyret pr anlegg.

Dersom det ikkje er kjørbar veg frem til eigendommen kan abonnenten belastast eit tillegg i det ordinære gebyret. Tillegget kjem fram av gebyrregulativet.

Kommunen kan differensiere gebyret for fritidsbustader.

Gebyr vert innkravd sjølv om feiing og tilsyn ikkje er utført i følgjande tilfelle:

- Feiar ved inspeksjon av fyringsanleggets røykkanalar har funnet at feiing ikkje er nødvendig
- Feiar etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har fått tilfredsstillande åtgang til fyringsanlegget, fordi eiger eller bruker ikkje har vært til stede, eller ikkje har lagt forholda til rette for åtkomst til fyringsanlegget.

Kommunen har etablert ordning med periodevis innkrevjing av omsyn til eit rasjonelt innkrevjingsssystem, for eksempel årlege eller terminvise betalningar, og at lovbestemt feiing skjer etter ein rullerande plan.

Krav på gebyr etter § 28 i brann- og eksplosjonsvernlova er tvangsgrunnlag for utlegg og krevjast inn av skatteoppkrevjaren etter reglene for innkrevjing av skatt.

§ 5. Plikter hjå eigar

Eigaren av eit byggverk skal melde frå til brannmyndighetene i kommunen når det er installert ny eldstad eller gjort andre vesentlege endringar av fyringsanlegget.

Det er eigars ansvar å holde fyringsanlegget i orden til ein kvar tid. Dersom det blir oppdaga feil på anlegget, som vesentleg aukar risikoen for brann, skal anlegget stenges for bruk dersom feilen ikkje blir utbetra utan opphald.

Etter å ha mottatt eit varsel om feiing og tilsyn, skal eigar sørge for at feiar har tilfredsstillande tilgang til heile fyringsanlegget og at nødvendig utstyr er tilgjengeleg. Eigar vert pålagt å varsle eventuelt andre brukarar av vedkomande bygg.

Eigar skal sørge for sikre og gode arbeidsforhold for feiar. Ved feiing frå tak skal eigar sørge for at feiaren har tilfredsstillande åtkomst opp til og på taket. Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar eller brukar sørge for at feiaren har tilfredsstillande åtkomst til skorsteinen og sotluka, eller tilsvarande eigna innretning for sotuttak.

Eigar må gi beskjed innan fastsett frist om utsetjing av feiing eller tilsyn. Fristen kjem fram av gebyrregulativet.

§ 6. Plikter hjå kommunen

Kommunen skal sørge for feiing og tilsyn av fyringsanlegg etter behov. Det enkelte fyringsanlegg skal vurderast med omsyn til kor hyppig det er naudsynt å feie. Feiarane vurderer dette på grunnlag av ROS-analyse og erfaringstal. Feiaren set på bakgrunn av dette opp ein rullerande plan for gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn.

Feiinga skal bli utført på ein fagleg tilfredsstillande måte, som medfører minst mogleg ulempe for eigar. Feiaren skal sørge for at sot etter feiing blir fjerna, enten av feiaren sjølv eller huseigar og brakt på eigna stad.

Feiaren skal under feiing og tilsyn vurdere tilhøve ved fyringsanlegget som har betydning for branntryggleiken eller åtkomsten. Ved avvik som ikkje kan rettes på staden, skal feiaren gje skriftleg tilbakemelding til eigar, eller representant for eigar om desse forhold, med frist for retting eller tilbakemelding om når retting blir gjennomført. Dersom retting ikkje blir gjennomført, skal tilsynsmyndigheten gje naudsynte pålegg.

Om nokon nektar eller legger hindringar i vegen for feiing og tilsyn, skal brannsjefen varslast.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegg, skal kommunen sørge for at det blir ført tilsyn med fyringsanlegget i etterkant.

Feiing og tilsyn av fritidsbustader kan utførast på same dag.

Eigar eller representant for eigar av fyringsanlegg skal varslast skriftleg eller elektronisk med dato for gjennomføring av feiing/tilsyn. Kommunens fastsette fristar for å varsle om feiing/tilsyn kjem fram av gebyrregulativet.

§ 7. Gebyrfritak

Kommunen kan etter skriftleg søknad gi fritak frå å betale gebyr.

Gebyrfritak gis dersom fyringsanlegget ikkje er i bruk over tid. For å kunne få fritak må:

- 1) Det være fysisk skilje mellom eldstad og røykkanal (skorstein) eller
- 2) At pipeløpet er plombert/lukket på toppen. Skorsteinen kan ha ei plate eller helle på toppen som dekkjer heile pipeopninga.

Det er eigar, gjennom søknad om gebyrfritak, som er ansvarleg for å underrette kommunen om at fyringsanlegget ikkje lenger er i bruk og varsle kommunen dersom det tas i bruk igjen. Kommunen må godkjenne søknaden før gebyrplikt fell bort.

Dersom fyringsanlegget er tatt i bruk utan at kommunen har blitt varsla, kan kommunen i etterkant fakturere gebyr.

§ 8. Andre tenester

Dersom eigar ynskjer feiing, tilsyn eller andre tenester utover det lovpålagte, for eksempel inspeksjon/filming og fresing av skorstein, må eigar sjølv ta kontakt med kommunens feiarvesen og avtale dette. Kinn kommune fastsett pris etter timesats på eventuelle tilleggstenester fastsett i gebyrregulativet.

§ 9. Klage

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrift framsetjast skriftleg til Kinn kommune. Klagebehandling knytt til gebyr blir gjennomført av kommunen.

Sakshandsaminga ved klager følgjer bestemmingane gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og forvaltningslova (lov 6. oktober 1967 nr. 23 om behandlingsmåten i forvaltningssaker).

§ 10. Handheving og sanksjonar

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal finne stad i samsvar med kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

§ 11. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2020.

Frå same tid vert gjeldande forskrift om feie- og tilsynsgebyr i Flora og Vågsøy kommunar oppheva.